



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 07.09.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 12:00

Orienteringar:

- Status busetting flyktningar
- Prosjekt "Arbeid for alle"
- Oppvekstplan
- Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon
- Status vilkårsrevisjon
- Status arbeid med sti til dagsturhytta
- Status diverse investeringsprosjekt

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Forfall
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	Forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Marit K Nese
Siren Bruvik Øvre Helland	SA	Varamedlem	Vara for Ove Eidsnes
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
036/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
037/2023	Godkjenning av møteprotokoll
038/2023	Referatsaker
039/2023	Orienteringssaker
040/2023	Prosjekt "Turveg til Olav Nygard Bu" - forskottering av midlar
041/2023	Prosjekt "Arbeid til alle" - Oppsummeringsrapport for konseptfasen 2022 - 2023
042/2023	Modalen kommune som "typisk turiststad"
043/2023	Søknad om fritak frå buplikt gnr. 77 bnr. 40
044/2023	Endringar i røystestyre
045/2023	Justert oppmoding om busetting av flyktninger

Notat frå møtet:

036/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

037/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Møteprotokoll godkjent med tillegg frå Sigrun Almelid Birkeland:

-Meir informasjon i protokoll om eigarstruktur nytt til Audiopedagogisk senter.

-Meir informasjon om lokal kompetane og ansvarsfordeling for tilbod for dei som fyller 70 år.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre, med tillegg frå Sigrunn Almelid Birkeland

038/2023: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

039/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om:

-Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon. NVE reknar ikkje med å handsame saka før over nyttår.

Drøfting i kommunestyret;

Innlegg frå Kristin Nåmdal om at det er viktig å påverke korleis dette blir sjåande ut og at kommunen får ein best mogleg løysing. Innlegg frå fleire: Viktig at nytt kommunestyret følgjer dette opp.

Lysforureining er også viktig punkt.

-Status fisketrapp - Tilbakemelding frå Eviny fornybar om forsøk for å sjå opp- og nedvandring med smolt. Eviny har engasjert Norconsult og Norce til gjennomføring av prosjektet.

Drøfting i kommunestyret; Viktig at grunneigarlag og elveigarlaget vert påkobla i denne prosessen.

-Status vilkårsrevisjon: NVE reknar med å ferdigstille sitt arbeid hausten 2024. Vert så sendt til OED. Handsaming i OED er rekna til å ta minst eit år.

-Konstituerande kommunestyremøte 19. oktober

Teknisk sjef orienterte om:

-Sti til dagsturhytta - planlagt arbeid for 2023 er snart ferdig. Gjenstår ca to dagers arbeid i slutten av september.

-Ras på veg inn til Trohaugen. Kommunen har samarbeida med grunneigar og geolog om oppfølging av dette. Vegen er anbefalt stengd i påvente av evt tiltak. Kommunen ventar rapport frå geolog i løpet av veke 37.

-Oppgradering og investering knytt til nytt bowlingannlegg

-Kyrkjelydtomta. Skisseprosjektet ligg ute og det er nokon som har tatt kontakt, og grunna tilbakemeldingar har ein utsett fristen for å levere inn tilbod

Ass. rådmann orienterte om:

-Oppvekstplan

-Status busetting flyktningar

Rådmann orienterte om:

-Folkevaldopplæring 15. og 16. november. Førespurnad om å inkludere og invitere kontrollutval, råd for eldre og funksjonshemma og ungdomsrådet i folkevaldopplæringa

-Brev frå SAPT: Samarbeidsavtalen vart vedteke av kommunestyret i mars 2023. Det kom undervegs i møtet spørsmål om oppfølging lokalt av denne målgruppa og tilbodet knytt til innbyggjarar over 70 år som treng bistand. Kommunen må lage interne rutiner i høve ansvarsfordeling og kven som har kompetanse til å følgje opp dei innbyggjarane som treng det.

-Orientering om prosjekt "Arbeid til alle" kjem under eiga sak 041/2023

Merknad frå kommunestyret:

- Leige av kommunale møterom og vedtak om satsar; det skal vere moglegheit for å leige møterom brannstasjonen.

- Manglar skjerm til møtebruk i samfunnshuset på Øvre Helland.

Spørsmål om prosess for å få på plass betalingsordning for ladestasjonar. Må handsamast i samheng med budsjettprosessen i haust.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

040/2023: Prosjekt "Turveg til Olav Nygard Bu" - forskottering av midlar

Behandling:

Kommunestyret vurderte Siren Bruvik Øvre Helland som inhabil i saka, grunna hennar stilling som kulturkonsulent.

Kommunestyret vurderte Ole Kristian Øvre Helland som habil i saka.

Rådmann orienterte om bakgrunn for saka og behov for å forskottering av midlar i påvente av svar på søknader om midlar til dette arbeidet. Kostnadsramma er på om lag kr 500 000,-. Dette vil medføre noko risiko for å ta på seg kostnader dersom ein ikkje får innvilga midlar til dette.

Drøfting i kommunestyret:

Spørsmål om fondsmidlane og rammene for bruk; noko er øyremarka.

Kommunestyret ønskjer å bli orientert om rammer for bruk av fondsmidlane til fiske, vilt og friluftsliv. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Det vert løyvd kr 300 000 til forskottering av utgifter til trinn 1 i prosjektet «Turveg til Olav Nygard Bu», finansiert med bruk av fondskonto 251080002/251080030. Midlane tilbakeførast ved mottak av eksterne tilskotsmidlar.

041/2023: Prosjekt "Arbeid til alle" - Oppsummeringsrapport for konseptfasen 2022 - 2023

Behandling:

Ass.rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. Framlegg til vedtak inneber ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret tek oppsummeringsrapporten til orientering. Kommunestyret støtter vidareutvikling av aktivitet- og arbeidstiltak skissert i rapporten sett i samanheng med utvikling og synergieffektar opp mot andre kommunale tilbod.

042/2023: Modalen kommune som "typisk turiststad"

Behandling:

Habilitetsvurdering

Kommunestyret vurderte desse som inhabil i saka:

Roger Fure - dagleg leiar Coop Modalen

Kristin Nåmdal - Gift med styreleiar Coop Modalen
Kjetil Eikefet - Styremedlem Coop Modalen
Kommunestyret vurderte at Liv Anne Aanensen og Inga Jorunn Nåmdal er habil i saka.
Rådmann og ass.rådmann orienterte om bakgrunn for saka og svarte på spørsmål.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune søker om revidering av forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad (2013) med endring til å gjelde heile året.

043/2023: Søknad om fritak frå buplikt gnr. 77 bnr. 40

Behandling:

Gruppeleiarane ba om gruppemøte før saka vert handsama.
Pause i møtet under gruppemøte.
Kristin Nåmdal låg inn framlegg om å utsetje saka.
Votering av forslag om utsetjing av saka vart handsama.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyre ber om at det kjem ei sak til det nye kommunestyre med gjennomgang og drøfting av bruk av 0-konsesjon i Modalen.

Kommunestyre ynskjer ikkje å å stilling til enkeltsøknader før det har vore ei prinsipiell behandling av saka.

044/2023: Endringar i røystestyre

Behandling:

Ordførar orienterte om bakgrunn for saka.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Anne Hilde Skadal vert valt som nestleiar i røystestyret for Mo krins og erstattar Irene Vold Helland.

Barbro Rolland vert valt som varamedlem for Mo krins og Håkon Nåmdal vert valt som varamedlem for Øvre Helland krins.

045/2023: Justert oppmoding om busetting av flyktninger

Behandling:

Rådmann orienterte om bakgrunn for saka og vurdering av kapasitet i bustadsmarknaden.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 25 flyktningar i 2023.
